

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gyland

Emne: Juletre og Julehalm.

Bygdalag: Nuland krins

Oppskr. av: Lars Fr. Nuland

Gard: Nuland

(adresse): Nuland p.å.

G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigi røynsle
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

- 1) Juletre er vanleg i alle hus nå, og har vore det fra 1890m åra.
- 2). Den fyrste offentlege festen som der var Juletre var 2. Juledag 1900. Det var den fyrste Julefesten i Gyland Kristelege ungdomslag, som er skipa 19/3.1900 Festen var i ei bondestova på garden Nuland.
- 3) Men det hadde vorte vanleg å ha Juletre i heimane 10-20 år tidlegare. Å pynta stova med grønt er ikkje kjennt her, heller ikkje med Halmkroner.
Bare 1.gard i bygda brukte å teikna Julekross på Bjelken Julafesta. Det vart teikna med kritt og likna på romertal, g var påsett når Jula tok til og stod gjerne på bjelken til stova vart vaska om våren.
- 5) Ein pynta ikke med noe sers bare for Jula, men ein vaska og hengde opp det av nytt ein eller hadde skaffa seg, så stova var så festleg som huset hadde råd til.
- 6). Juletreet var gjerne $1\frac{1}{2}$ - 2.m. høgt. og lenge var det sv. furetre, då her ikkje veks gran villt her, men nå har folk teke til å planta gran, og ein tykkjer den er venare, så nå er det vanleg å brukte gran.
- 7). På juletreet brukar me lys, kjøper det i pakkar hjå handlarane, dei hev fleire fargar. Det er mor i huset eller veksne born som pyntar treeet. Dei kjøper glans papir raudt, blådt, gult, kvitt.. og lagar korger og lenker som dei henger på treeet. Så kjøper me stjerner og anna glitterstas på butikkane. I toppen er det helst eit spir, sume bruker også snø av bomull. På festane har ein nå elektriske lys på treeet, det er reinslegare. Mange små norske flagg er vanleg, tidlegare var det og hengt på menner og konor, hester og fuglar av bekverk Julemenner, som var måla med røde streker. Ein hengde og på epler og ymse finare sukker -beter.

- 2
9) Juletreet stend vanleg på golvet, men det hender at ein har bare eit lite tre som då står på eit bord.
10) Den største høgtida er Juleaftan, då vert treet sett mitt på golvet og lys i tendte, en går daa kring treet og held kvarandre i henderne og syng dei kjende julesonger, Som Jul med sin glede. Er det nokon såm kan spela, så gjer dei det, og er det småbarn i huset må både små og store vera med kring treet, og syngja. Ein går også kring treet dei andre julekveldarne og gjerne nytårsaftan.. Når det lid over nytår, vert treet avhausta og stasen gjøymt til neste år.
Det er mindre med etande gotter på treet nå mot fyrr men er det noke, så vert det å dela millom borni og dei andre i huset..
14) frå fyrst av var det furetre, men når er det mest vanleg med gran. Nokon anna treslag er ikkje nytta.
16) Hær aldri haurt tale om å ha treet utanfor huset.
Hær ikkje vore skikk med Julehalm på golvet her.

4398

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING